

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 18.11.2014

Nils Marton Aadland (H) sette fram slikt forslag på vegner av H, Frp og V:

«Tilleggsforslag til pkt. 3:

Endring av pkt. 3. Dei årlege budsjetttrammene og rammene i økonomiplanperioden.

Nytt pkt. 4:

Fylkestinget innfører ordning med 3-årig fylkeskommunal driftstøtte, med oppstart frå og med 2016. Ordninga er ei prøveordning som skal evaluerast i 2018.

Nytt pkt. 5:

Fylkestinget legg til grunn at planen samsvarar med andre regionale planar der er felles mål og tema.

Protokollmerknad:

Handlingsprogrammet er omfattande, med mange tiltak som er satt opp. Det kan vere krevjande å gjennomføre. Det vil fram mot handsaming i fylkesutvalet og fylkestinget vurderast endringar i denne.»

Kristian Helland (Krf) sette fram slikt forslag:

««Forslaget frå Bjørgvin Bispedømmeråd: Kulturminnevern og museum. Innsatsområde 2 / arenautvikling mål pkt. 2., tas inn følgjande tillegg (kursiv):

- Kulturpolitikken skal legge til rette for tilgangen til både regionale og lokale kultur og idrettsanlegg, *kyrkje*, kulturlandskap og aktivitetsområde.

Innsatsområde 2 / Tiltak B tas inn følgjande tillegg (kursiv)::

- Prøve ut modellar for sambygging/samdrift av *kyrkje*, kultur- og idrettsarenaer.

I handlingsprogrammet pkt. 5.4 – Samordning, innsatsområde 10 tiltak A - Aktuelle aktørar / partnarar mål tas inn følgjande tillegg (kursiv):

- Private aktørar, frivillige lag, institusjonar, kommunar, *kyrkjelege miljø*.».

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 1 – 2 vart samrøystes vedteke

Aadland sitt endringsforslag pkt. 3 vart vedteke med 7 røyster (H, V Frp)

Aadland sitt forslag til nytt pkt. 4 vart vedteke med 7 røyster (H, V Frp)

Aadland sitt forslag til nytt pkt. 5 vart vedteke med 7 røyster (H, V Frp)

Helland sitt forslag del 1 vart vedteke mot 2 røyster (MDG)

Helland sitt forslag vart vedteke mot 2 røyster (Frp)

Protokollmerknaden vart samrøystes vedteke

Innstilling

1. Fylkestinget vedtek, i medhald av plan- og bygningslova § 8-3, *PREMISS KULTUR: Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025*.
2. Fylkestinget vedtek samla handlingsprogram for planperioden 2015-2025, med prioriteringar for første fireårsperiode 2015-2018. Handlingsprogrammet skal rullerast kvart fjerde år og i samband med årleg budsjetthandsaming.
3. Fylkestinget legg til grunn at kulturplanen er innanfor dei årlege budsjetttrammene og rammene i økonomiplanperioden.
4. Fylkestinget innfører ordning med 3-årig fylkeskommunal driftstøtte, med oppstart frå og med 2016. Ordninga er ei prøveordning som skal evaluerast i 2018.

5. Fylkestinget legg til grunn at planen samsvarar med andre regionale planar der det er felles mål og tema.
6. Kulturminnevern og museum. Innsatsområde 2 / arenautvikling mål pkt. 2., tas inn følgjande tillegg (kursiv):
 - Kulturpolitikken skal legge til rette for tilgangen til både regionale og lokale kultur og idrettsanlegg, *kyrkje*, kulturlandskap og aktivitetsområde.

Innsatsområde 2 / Tiltak B tas inn følgjande tillegg (kursiv)::

- Prøve ut modellar for sambygging/samdrift av *kyrkje*, kultur- og idrettsarenaer.

I handlingsprogrammet pkt. 5.4 – Samordning, innsatsområde 10 tiltak A - Aktuelle aktørar / partnarar mål tas inn følgjande tillegg (kursiv):

- Private aktørar, frivillige lag, institusjonar, kommunar, *kyrkjelege miljø*

Protokollmerknad frå Nils Marton Aadland:

Handlingsprogrammet er omfattande, med mange tiltak som er satt opp. Det kan vere krevjande å gjennomføre. Det vil fram mot handsaming i fylkesutvalet og fylkestinget vurderast endringar i denne.